

# Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 05.05.2021  
**Møtestad:** Osterøy rådhus - Heradsstyresalen  
**Møtetid:** kl. 13:00 – kl. 14:25

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Lars Fjeldstad	SP	Ordfører
Hjalte Heimir Gislason	H	Varaordfører
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Alexander Thunestvedt	AP	Medlem
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Tone Mjelde	SV	Medlem
Ellinor Therese Birkeland	FRP	Medlem
Jarle Skeidsvoll	KRF	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Henrik Øksnes	FRP	Ellinor Therese Birkeland

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Rådmannen, politisk-adm.sekretariat. Økonomisjefen møtte i sak 031/21

## Sakliste

Saknr	Tittel
028/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
029/21	Godkjenning av møtebok
030/21	Referatsaker og meldingar
031/21	Årsrekneskap og årsmelding 2020
032/21	Prosjekt for vurdering av framtidig barnevernsamarbeid
033/21	Deltaking i bustadprosjekt på Loftås. Kjøp av leilegheit til personalbase.

034/21 Søknad om salsløyve for alkohol i samband med eigarskifte for Rema 1000 Lonevåg  
035/21 22. juli- markering i Osterøy kommune

-----

**028/21: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

**05.05.2021 FORMANNSKAPET**

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

**FS - 028/21 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

-----

**029/21: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Møteprotokoll frå vert godkjend.**

**05.05.2021 FORMANNSKAPET**

Det var ikkje merknader til utsend protokoll frå 24.03.21

**FS - 029/21 VEDTAK:**

**Møteprotokoll frå 24.03.21 vert godkjend.**

-----

**030/21: Referatsaker og meldingar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**"Referatsakene vert tekne til vitande."**

**05.05.2021 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 030/21 VEDTAK:**

"Referatsakene vert tekne til vitande."

-----

**031/21: Årsrekneskap og årsmelding 2020**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Årsmelding og rekneskap for 2020 vert vedteke i samsvar med innstilling frå Kontrollutvalet.

Rekneskapsmessig meirforbruk, kr 12 083 153,- vert dekkja inn av disposisjonsfondet.»

**05.05.2021 FORMANNSKAPET**

Økonomisjefen møtte og presenterte årsrekneskapet og svara på på spørsmål knytt til dette.

-----

Kontrollutvalet sin uttale til Årsrekneskap 2020, sak 016/21, vart delt ut i møtet. Det vart halde pause i møtet frå kl. 13.55 - kl. 14.05 slik at formannskapet kunne lesa gjennom uttalen.

-----

**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

**FS - 031/21 VEDTAK:**

«Årsmelding og rekneskap for 2020 vert vedteke i samsvar med innstilling frå Kontrollutvalet.  
Rekneskapsmessig meirforbruk, kr 12 083 153,- vert dekkja inn av disposisjonsfondet.»

-----

## 032/21: Prosjekt for vurdering av framtidig barnevernsamarbeid

### Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:  
Saka vert teken til vitande.

## 05.05.2021 FORMANNSKAPET

### AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

### FS - 032/21 VEDTAK:

"Saka vert teken til vitande."

-----

## 033/21: Deltaking i bustadprosjekt på Loftås. Kjøp av leilegheit til personalbase.

### Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:  
«Osterøy kommune kjøper leilegheit på Loftås. Kostnaden vert finansiert av investeringsbudsjett prosjekt 1086 kjøp av eigedom/innløyising av grunn.»

## 05.05.2021 FORMANNSKAPET

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, bad om vurdering av sin gildskap i saka då kona og sonen er medeigarar i Eiendomvest AS som står som utbygger. Sonen er også styremedlem. Han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - 6 medlemmer/varamedlemmer til stades.

### AVRØYSTING - gildskap

Ragnar J. Tyssebotn vart samrøystes kjend ugild.  
Grunngjeving: Formannskapet fann at kona og sonen sine rollar som medeigar og styremedlem i Eiendomvest AS gav grunnlag for å kjenna han ugild etter fvl. § 6, 2. ledd ... *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til.* Eiendomvest AS er utbygger for dei aktuelle bustadene.

-----

### AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 033/21 VEDTAK:**

«Osterøy kommune kjøper leilegheit på Loftås. Kostnaden vert finansiert av investeringsbudsjett prosjekt 1086 kjøp av eigedom/innløysing av grunn.»

-----

**034/21: Søknad om salsløyve for alkohol i samband med eigarskifte for Rema 1000 Lonevåg**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«I medhald av alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, andre ledd og 3-7 vert det gjeve salsløyve for drikk med inntil 4,7% alkoholinnhald (gruppe 1) for:

Løyvehavar: Rema 1000 Lonevåg v/Lillefosse Handel AS, org.nr. 912790037. Salsstad: Butikklokale i Lonevågen 10.

Styrar for løyvet: Anders Lillefosse Eriksen, f. 15.06.1980. Stedfortredar: Jarle Bognøy, f. 28.11.1985.

Løyveperiode: 27.05.2021 – 30.09.2024.

Sal- og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje i butikken si opningstid, då avgrensa til tida mellom kl. 08.00 – kl. 20.00 på kvardagar og kl. 08.00 – kl. 18.00 på dagar før sun- og heilag-dagar med unntak for dagen før Kristi Himmelfartsdag, då salstida er til kl. 20.00.

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida til kl. 16.00.

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på sun- og heilagdag, 01. og 17. mai.

Løyvehavarar, styrarar og stedfortredarar vert godkjende."

**05.05.2021 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING**

rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

**FS - 034/21 VEDTAK:**

«I medhald av alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, andre ledd og 3-7 vert det gjeve salsløyve for drikk med inntil 4,7% alkoholinnhald (gruppe 1) for:

Løyvehavar: Rema 1000 Lonevåg v/Lillefosse Handel AS, org.nr. 912790037. Salsstad: Butikklokale i Lonevågen 10.

Styrar for løyvet: Anders Lillefosse Eriksen, f. 15.06.1980. Stedfortredar: Jarle Bognøy, f. 28.11.1985.

Løyveperiode: 27.05.2021 – 30.09.2024.

Sal- og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje i butikken si opningstid, då avgrensa til tida mellom kl. 08.00 – kl. 20.00 på kvardagar og kl. 08.00 – kl. 18.00 på dagar før sun- og heilag-dagar med unntak for dagen før Kristi Himmelfartsdag, då salstida er til kl. 20.00.

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida til kl. 16.00.

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på sun- og heilagdagane, 01. og 17. mai.

Løyvehavarar, styrarar og stedfortredarar vert godkjende."

---

## 035/21: 22. juli- markering i Osterøy kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Det vert sett ned ein komite med følgjande medlemmer:

Komiteen skal førebu og ha ansvar for tiårsmarkeringa for terrorhandlingane 22. juli.

## 05.05.2021 FORMANNSKAPET

Rita Tveiten, AP, gjorde slikt framlegg om Alexander Thunestvedt, AP, som medlem i komiteen og Lars Fredrik Skår som mogeleg representant for AUF.

Framlegget vart ikkje røysta over, jfr. framlegg frå ordføraren.

---

Ordføraren, gjorde slikt framlegg: "Komiteen vert slik samansett: Lars Fjeldstad (leiar), Alexander Thunestvedt. Ein person utpeika av AUF. Ein person utpeika av Støttegruppa 22. juli Hordaland."

## AVRØYSTING

Ordføraren sitt framlegg - samrøystes vedteke

## FS - 035/21 VEDTAK:

*Komite for 22. juli-markering på Osterøy:*

**"Komiteen vert slik samansett: Lars Fjeldstad (leiar),**

**Alexander Thunestvedt. Ein person utpeika av AUF. Ein person utpeika av Støttegruppa 22. juli Hordaland."**

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Henrik Øksnes og Alexander Thunestvedt

Lonevåg, 06.05.2021

Bente Skjerping  
utvalssekretær